

Jørgen Karlsen,  
Hov i Lærdal.

Upland.  
S. Land.


Nord.  
Lurøy.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
ADR. NORSKE FOLKE MUSEUM  
BYGDØY

Vær gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre fra Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel?

Har ein brukta kumøkk til brensel?

Nei, slik vassbæring er ukjent både i S. Land og Lurøy. Man kjenner ingen annen maate enn bruken av halætre, tvers over skuldrene med lekje eller tvunnet tau og krek i enden fer vassbøttene. Bruk av fiskebein, fiskehoder eller kumøkk ~~xx~~ til brensel er heilt ukjent her. Slike ting vart kasta paa avfallshaugen i lag med all anna "skit og lort". Sjøl ikke ute i det trelause Trena paa Helgeland kunne man bruke slike ting til brensel. Man hadde torv med litt ved til aa tenne med.

Jørgen Karlsen.

15/11. 1948.